

HYTTEFELT PÅ DEL AV SUISTOG TROVATN, 120/8

VINJE KOMMUNE

1. Hytter skal vera plassert som vist på plankartet, og i samsvar med innmålt pel i terrenget. Pelen skal ligge innafor hytteveggane. Mindre justering kan gjerast i samråd med planetaten.
2. Hytter kan byggast ut til inntil 100 m² BYA pluss anneks/uthus på inntil 20 m² BYA. Bygga kan delast opp i fleire hus som dannar tun.
3. Mindre servicebygg kan settast opp i feltet.
4. Bygningane skal mest mogleg underlegge seg naturpreget i området, og ha ei enkel og god utforming. Utvendig skal nyttast trematerialar, ståande kledning eller tømmer og naturvennlege fargar.
5. Bygningane skal ha saltak 25 - 30⁰, med kraftige vindskier og rikeleg takutstikk. Taktekking bør vera torv eller mørke bord.
6. Bygningar kan oppførast i berre 1 etasje, eventuelt med hems. Hytta skal ha ei gesimshøgde på maks. 3 meter, og mønehøgde på maks. 5,5 meter, målt frå terrenget.
7. Eksisterande terreng og vegetasjon skal takast vare på i størst mogleg grad.
8. Der hyttene står på pilarar, skal det gjerdast mellom desse pga. sau m.v.
9. Hyttene har låg sanitær standard, altså kkje innlagt vatn. Det er borebrønner spreidd i området. I hyttene kan monterast utslagsvask med avløp til synkekum.
10. Det skal brukast godkjend biologisk klosett, eller den forbetra gamaldassen ein brukar i Vinje.

Dersom det er tale om å heve den sanitærtekniske standard, skal det lagast og godkjennast eigen avløpsplan.
11. Hyttefeltet er knytt til den kommunale renovaasjon.
12. Straumforsyning skal leggast i jordkabel.

13.04.05